



Aukra kommune


Planskildring

for

Nerbøstrand

PlanID: 201502

Detaljregulering



| | | | |
|-------------|--------------------------|--------------------------|--|
| Arkivsak | 2015/319 | | |
| PlanID | 201502 | | |
| Vedtatt | XX.XX.XXXX av XXXXXXXX | | |
| Forslag ved | <input type="checkbox"/> | Offentleg ettersyn, dato | |
| | <input type="checkbox"/> | Sluttbehandling, dato | |

Aukra - full av energi



Innhald

| | | |
|------|---|----|
| 1 | Bakgrunn | 4 |
| 1.1 | Innleiing og hensikt med planarbeidet | 4 |
| 1.2 | Om forslagsstillaar | 4 |
| 2 | Tilhøvet til andre planar | 4 |
| 2.1 | 2Kommuneplan..... | 4 |
| 2.2 | Reguleringsplaner | 5 |
| 3 | Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve | 6 |
| 3.1 | Plassering (legg ved kartutsnitt)..... | 6 |
| 3.2 | Storleik på planområdet | 6 |
| 3.3 | Topografi | 6 |
| 3.4 | Dagens arealbruk..... | 6 |
| 3.5 | Kulturminne | 7 |
| 3.6 | Naturverdiar etter NML..... | 7 |
| 3.7 | Vegetasjon..... | 7 |
| 3.8 | Trafikktihøve | 7 |
| 3.9 | Kollektivtrafikk | 7 |
| 3.10 | Grunntilhøve | 8 |
| 4 | Omtale av planforslaget | 8 |
| 4.1 | Planavgrensing (legg ved kartutsnitt)..... | 8 |
| 4.2 | Planlagt arealbruk..... | 9 |
| 4.3 | Reguleringsføremål..... | 9 |
| 4.4 | Finansiering, nødvendig grunnerverv | 9 |
| 5 | Konsekvensar av planforslaget | 10 |
| 5.1 | Konsekvensutgreiing | 10 |
| 5.2 | Overordna planer..... | 10 |
| 5.3 | Eksisterande busetnad | 10 |
| 5.4 | Naturverdiar etter NML..... | 10 |
| 5.5 | Vegetasjon..... | 10 |
| 5.6 | Landbruk | 10 |
| 5.7 | Kulturminne | 10 |
| 5.8 | Barn- og unge sine interesser | 11 |
| 5.9 | Universell utforming | 11 |

Aukra - full av energi



| | | |
|------|--|----|
| 5.10 | Støy | 11 |
| 5.11 | Teknisk infrastruktur | 11 |
| 5.12 | Risiko og Sårbarheit (ROS) | 11 |
| 6 | Planprosessen | 12 |
| 6.1 | Melding om oppstart | 12 |
| 6.2 | Innkomne merknader etter melding om oppstart med kommentar | 12 |
| 6.3 | Planprosess frå oppstart til endeleg vedtak..... | 15 |
| | VEDLEGG | 16 |

Aukra – full av energi



1 Bakgrunn

1.1 Innleiing og hensikt med planarbeidet

Føremålet med reguleringsarbeidet er ei mindre justering av eit kommunalt naustområde som vist i gjeldande Reguleringsplan for Nerbøberg (vedteken 09.06.1988, PlanID 198801). Det skal samstundes etablerast ny tilkomst til naustområdet. Den ønska justeringa er basert på eit innspel til kommuneplanen sin arealDEL som er under rullering.

Etter vedtak av Reguleringsplan for Nerbøstranda syd (vedteken 05.09.2013, PlanID 201303), kom det inn eit ønske om ei mindre endring av denne planen frå tiltakshavar Pål Terje Huse. Dei føreslegne endringane er ikkje gjennomførte, men vert tekne med i det nye planforslaget. Endringane som er føreslegne er som fylgjer: **1)** Det er regulert inn eit område for båtopptrekk som ei forlenging/utviding mot nordvest av småbåthamna sitt landareal (SH1- landdel), **2)** for å sikre nokre gamle naturelement frå tidlegare tider (mellan anna ein gammal steingard) er hyttetomt FF4 redusert i areal, både på austsida og vestsida, **3)** som fylgje av at hyttetomt FF4 vert redusert, oppstår det to nye friområde, F5 og F6.

I tillegg til endringane som vist til i avsnitta over, ønskjer kommunen å rydde opp i, og samle, dei fire eksisterande reguleringsplanane i området til ein plan. Desse planane er: 198501 – Nerbøstrand, 198801 – Nerbøberg, 199401 – Nerbøstrand endring 01 og 201303 – Nerbøstranda syd. I hovudsak skal alle formål og føresegner frå tidlegare planar vidareførast i den nye planen. I område som er bygd ut vert reguleringsa tilpassa eksisterande situasjon, i ubygde område vert gjeldande reguleringsformål vidareført.


1.2 Om forslagsstillar

Aukra kommune ved plan- og utviklingsavdelinga er forslagsstillar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

2 Tilhøvet til andre planar

2.1 Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan, arealdelen (vedteken 21.06.2006) er planområdet avsett til bustadføremål, kommunalteknisk anlegg, fritidsbusetnad, friområde, LNF, småbåthamn naust og industri, jfr. figur 1 nedanfor. Planforslaget er i tråd med føremåla i kommuneplanen sin arealDEL.



Figur 1: utsnitt av gjeldande kommuneplan, arealdelen

2.2 Reguleringsplaner

Planarbeidet vil røre følgjande gjeldande reguleringsplanar:

| Planens navn | Vedtaksdato | Plan-ID |
|---|-------------|------------|
| Reguleringsplan for Nerbøstrand | 17.10.1985 | 1547198501 |
| Reguleringsplan for Nerbøberg | 09.06.1988 | 1547198801 |
| Reguleringsplan for Nerbøstrand, endring 01 | 09.02.1994 | 1547199401 |
| Reguleringsplan for Nerbøstranda syd | 05.09.2013 | 1547201303 |

Dei eksisterande planane i området vil bli oppheva, men får i hovudsak reguleringsføremåla og føreseggnene vidareført i den nye planforslaget.



3 Omtale av planområdet, eksisterande tilhøve

3.1 Plassering (legg ved kartutsnitt)

Planområdet er lokalisert til Nerbøberg (dei vestlegaste delane) og Nerbøstranda (dei austlegaste delane) som ligg Aust på Gossen i Aukra kommune, jfr. figur 2 nedanfor.



Figur 2: Planområdet er markert med raud sirkel

3.2 Storleik på planområdet

Storleiken på planområdet er om lag 228,6 daa.

3.3 Topografi

Planområdet ligg i sydvendt helling mot sjø, og er til dels småkupert. Området har fin utsikt mot sjø og fjell, og er svært godt eksponert for sol.

3.4 Dagens arealbruk

Store delar av planområdet består av eksisterande og framtidige bustadområde, i tillegg til fritidsbustader. Ved sjøen er det etablert ei småbåthamn. Vest i planområdet er det lagt til rette for eit naustområde, men dette har til no vore



lite utnytta, truleg grunna vanskelig tilkomst. Øvrig areal består for det meste av landbruk- Natur og friluftsområder (LNF).

3.5 Kulturminne

Planleggjar har nytta GISLINK for å sjekke om planområdet innehold automatisk freda kulturminne, men finn ikkje at det er gjort nokre registreringar.

Planområdet kan likevel innehalde eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflaten. Dette inneber at det truleg må gjennomførast ei mindre arkeologisk registrering før den endelege planen eventuelt kan godkjennast.

Innanfor planområdet er det registrert to SEFRAK bygg: eit bustadhus (staue datert 1800-1899 – meldepliktig SEFRAK bygg) og eit fjøs (datert til 1900-1924 – anna SEFRAK bygg). Bygga ligg på eigedomane gnr 12 bnr 121 og gnr 12 bnr 2.

3.6 Naturverdiar etter NML

Planleggjar har nytta GISLINK for å sjekke om planområdet innehold naturverdiar etter naturmangfaldlova, men finn ikkje at det er gjort nokre registreringar.

3.7 Vegetasjon

Busksjiktet Består for det meste av lyng og grasartar, tresjiktet av vanlige løvtre og bartre. Delar av planområdet består av dyrka jord.

3.8 Trafikktihøve

NVDB er nytta for å finne informasjon om trafikktihøve.

Tilkomsten til planområdet skjer over fylkesveg 220 som ligg lengst nord i planområdet. Vegen har fartsgrense 60 og 80 km/t og ÅDT (trafikkmengd) på 1640 kjt. andelen tunge kjøretøy er fjerna frå alle veger på Gossen grunna mangel på gode nok registreringar til å basere berekningane på. Det er ikkje registrert nokre trafikkulykker på strekninga dei siste fire åra. Dei kommunale vegane Strandavegen, Bergvegen og Jermannvegen fungerer som interne tilkomstveger innanfor planområdet.

3.9 Kollektivtrafikk

Bussrute 561, Aukra-Hollingsholmen-Molde-Årø passerer planområdet. Det er etablert busslommer på kvar side av krysset lengst nord i planområdet.



3.10 Grunntilhøve


Lausmassekart frå NGU viser at planområdet består av «Morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen, marin strandavsetning, samanhengande dekke, torv og myr samt bart fjell»

Berggrunnskart viser at planområdet består av «Diorittisk til granittisk gneis migmatitt»

4 Omtale av planforslaget

4.1 Planavgrensing (legg ved kartutsnitt)

Planavgrensinga er vist på figur 3 under:



Figur 3: planavgrensing



4.2 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er ei mindre justering av eit kommunalt naustområde som vist i gjeldande Reguleringsplan for Nerbøberg (vedteken 09.06.1988, PlanID 198801. Det vert i tillegg regulert inn område for båtopptrekk mot nordvest av småbåthamna sitt landareal, og det vert redusert areal på aust og vestsida av hyttetomta FF4, i tillegg vil det som eit resultat av redusert areal på FF4 oppstå to nye friområde, F5 og F6.

4.3 Reguleringsføremål

Bygningar og anlegg

- Bustader – frittliggjande småhus (B1-B38)
- Bustader – frittliggjande småhus (BF1-BF6)
- Fritidsbusetnad (FF1-FF4)
- Næring/industri med tilhøyrande anlegg, frittliggjande (NI1)
- Naust med tilhøyrande anlegg (N1)
- Avløpsanlegg (AL1-AL2)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg
- Hamn (SH1 – landdel)

Landbruk-, natur og friluftsføremål

- Landbruk (L1-L2)
- Friluftsformål (F1-F13)

Bruk og vern av sjø og vassdrag

- Hamneområde i sjø (HS)
- Småbåthamn (SH1 – sjødel)
- Friluftsområde i sjø og vassdrag (FS1-FS2)
- Badeområde (BA1)

Omsynssoner

- Frisiktsone ved veg

4.4 Finansiering, nødvendig grunnerverv

Dersom det vert nødvendig med grunnerverv vert dette gjennomført etter at reguleringsplanen er vedteken. Ansvarleg i kommunen tek ei synfaring på kvar eigedom saman med grunneigar for å kartleggje tilhøva. Dersom ein kjem til semje vert kjøpekontrakt eller arbeidsløyve underskriven. Deretter vert erstatning utbetalet og anleggsarbeidet kan starte. Viss ikkje partane vert samde går saka vidare til ekspropriasjonsvedtak.



5 Konsekvensar av planforslaget

5.1 Konsekvensutgreiing

Reguleringsføremåla er i stor grad vidareført frå fire gjeldande reguleringsplanar, og dei nye tiltaka som er føreslege innanfor planområdet er ikkje vurdert til å være av eit slikt omfang at det vert løyst ut krav om konsekvensutgreiing, jfr. plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd, og Forskrift om konsekvensutredninger §§ 2 til 5.

5.2 Overordna planer

Planforslaget er i samsvar med overordna plan, jfr. også punkt 2.1.

5.3 Eksisterande busetnad

Planforslaget medfører ikkje negative verknader for eksisterande bustader, då disse i stor grad er vidareført frå gjeldande planar. Planforslaget legg opp til ein ny tilkomstveg til Naustområdet sørvest i planområdet, noko som kan opplevast positivt og bidra til auka aktivitet her.

5.4 Naturverdiar etter NML

Kunnskapskravet i § 8 er oppfylt ved at ein har nytta eksisterande og tilgjengeleg kunnskap om naturmangfaldet innanfor planområdet gjennom bruk av naturbase og artsdatabanken. Paragrafane 9-12 kjem ikkje til bruk sidan det ikkje er gjort registreringar av naturverdiar innanfor planområdet, jfr. også punkt 3.6

5.5 Vegetasjon

Vegetasjonen innafor planområdet er så vanleg at det ikkje vil medføre negative konsekvensar å fjerne denne i samband med nye tiltak i området. I friområda F1-F13 skal kultur- og naturmark så langt som mogleg haldast i hevd.

5.6 Landbruk

Landbruksområda skal haldast i hevd som i dag, og det er nedfelt i føresegne at det ikkje er tillate å føre opp bygg og anlegg, grave/fylle eller utføre andre tiltak som endrar karakteren av området.

5.7 Kulturminne

Det føreligg ikkje registreringar av kjente kulturminne innanfor planområdet, planforslaget medfører derfor ikkje negative konsekvensar for eksisterande kulturminne. Planområdet kan likevel innehalde eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflaten. Derfor er det nedfelt i føresegne at «dersom det under arbeid i området kjem fram



gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast, og det skal sendast melding til kulturvernmynde».

5.8 Barn- og unge sine interesser

Det er teikna inn ein felles nærleikeplass på 2380 m² nord i planområdet, i kort avstand, og lett tilgjengeleg frå dei etablerte bustadfelta. Leikeplassen er allereie etablert men var ikkje angitt med dette reguleringsføremålet i gjeldande reguleringsplanar. I tillegg er det totalt 13 områder regulert til friluftsområde innanfor planområdet. I reguleringsføresegne § 5.2 har ein opna for at det kan tillatast konstruksjonar for leik og idrett innanfor disse områda. Saman er dette tiltak som på ein god måte tek i vare barn- og unge sine interesser.

5.9 Universell utforming

For nye tiltak innanfor planområdet kan kommunen stille krav om at utbyggar så langt det let seg gjere oppfyller krava til universell utforming. Dette er også nedfelt i § 2.4 i reguleringsføresegne.

5.10 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningsliner T-1442/2012, eller seinare vedtekne retningsliner som erstattar desse, leggjast til grunn. Støynivå innandørs skal tilfredsstille krava i TEK10, eller seinare vedtekne forskrifter som erstattar desse.

Dei viktigaste støykjeldene er anteke å være trafikk frå fylkesveg 220 (ligg utanfor planområdet), og eventuelt lett støy knytt til fritidsbåtar ved småbåthamna. Trafikken på dei interne tilkomstvegane vert ikkje vurdert til å auke i eit slikt omfang at øvrege tiltak for å begrense støy vert naudsynt.

5.11 Teknisk infrastruktur

Leidningsnettet knytt til vatn og avløp fylgjer fylkesvegen og dei interne tilkomstvegane i planområdet. Det vil ikkje verte teke arbeid på va-nettet i samband med reguleringsa, og eksisterande anlegg er tilstrekkelig dimensjonert med tanke på framtidig utviding. Strømtilførsel (220 V / 440 V) for nye bygg og anlegg i planområdet skal leggjast i bakken.

5.12 Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit. Det blir her vist til utfylt sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. vedlegg.



6 Planprosessen

6.1 Melding om oppstart

Det blei varsle oppstart av planarbeidet gjennom brev til rørte partar og i annonse i Romsdals Budstikke 03.03.2014, frist for merknader vart sett til 06.04.2015, og det kom inn totalt fire merknader.

6.2 Innkomne merknader etter melding om oppstart med kommentar

1) Merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 10.04.2015

I saker der ein skal endre/erstatte eldre planar ber dei kommunen leggje ved gjeldande planar som vedlegg.

Bakgrunnen for plassering av naustområde med tilkomstveg i eldre plan er ikkje kjent, men det vert registrert at det framleis ikkje er bygd noko her. Det er heller ikkje oppgitt ei grunngiving for kvifor ein no vil endre arealbruken.

Når det gjeld omlegging av tilkomstveg er det uheldig at denne etter skissert trasé skjer gjennom friområdet, som i dag er samanhengande frå busetnaden og ned til regulert badeområde ved Nerbøstranda. Vegen treng ikkje bli ein vesentleg barriere, og det vert tilrådd at ein vurderer moglegheiter for å legge tilkomstvegen frå vest, som i gjeldande plan.

Det aktuelle utbyggingsområdet inneholder eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne som ligg skjult under markoverflaten. Dette inneber at det truleg må gjennomførast ei mindre arkeologisk registrering før den endelige planen eventuelt kan godkjennast. tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik registrering, jf. § 9 og 10 i kulturminneloven.

Kommentar:

Dei fire gjeldande reguleringsplanane som skal opphevast ligg ved saka som PDF.

Tidlegare regulert naustområde har ikkje blitt nytta som opphavleg tenkt, truleg på grunn av manglende tilkomst. Opphavleg planlagd tilkomstveg er bratt og lite eigna til føremålet. Ein har difor valt å regulere ein ny tilkomstveg med betre tilkomst.

Trafikken på denne vegen vil vere minimal, og vil ikkje stå fram som ei barriere.

Arkeologisk registrering vil bli bestilt som tilrådd i merknaden.

**2) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 26.03.2015**

Behovet for naust bør sjåast saman med båthamn/molo som ligg i planområdet. Den ser ikkje ut til å være mykje nytta i følgje flyfoto frå ulike år bakover.

Kommentar:

Behovet for naust er sett i saman med nærliggande småbåthamn. Både båthamna og naustområda som tidlegare er regulert i området, er i utgangspunktet tenkt til bustadområda i nærleiken. Liten utnytting har nok samanheng med vanskeleg tilkomst til naustområdet, men berre etter melding om oppstart har kommunen hatt pågang frå fleire interessentar kring nausttomt.

3) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 09.03.2015

Statens vegvesen har ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Merknaden er teken til vitande.

4) Merknad frå Istad Nett AS, datert 09.03.2015

Istad Nett AS har ingen merknader til planarbeidet, men ønsker å opplyse om sitt nett i området. Ein eventuell flytting/omlegging på installasjonar blir ein kostnad som heilt eller delvis må dekkjast av utbyggjar.

Kommentar:

Merknaden er teken til vitande.

6.3 Offentleg høyring

Drift- og arealutvalet vedtok i møte 03.06.2015 å leggje planforslaget ut til 1. offentlege høyring. Planforslaget vart lagt ut til 1. offentlege høyring i perioda 05.06.2015 – 20.07.2015, og det kom inn totalt fire merknader.

6.4 Innkomne merknader etter offentleg høyring med kommentar

1) Merknad frå Statens vegvesen Region Midt, datert 23.06.2015

Det manglar frisktsoner i samtlege kryss innanfor planområdet. Desse må teiknast inn i plankartet, med full utstrekning, for at føresegn § 7.1 skal ha juridisk virkning.

Kommentar:

**2) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 07.07.2015**

Fylkesmannen har ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Merknaden er tatt til vitande

3) Merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 07.07.2015

Fylkeskommunen har ingen merknader til planforslaget då dei vel å akseptere kommunen sitt forslag til tilkomstveg fram til naustområdet, samt at dei vel å trekke tidlegare krav om arkeologisk registrering.

Kommentar:

Merknaden er tatt til vitande

4) Merknad frå Pål Terje Huse, datert 20.07.2015

Det eine SEFRAK-bygget som det blir vist til i punkt 3.5 i planomtalen, er eit saudefjøs som er delvis rast saman på grunn av elde og råte. I samband med gjennomføring av arkeologiske registreringar i området, blei det munnleg kommentert at fjøset må rivast. Han stiller spørsmål om dette vil være eit søknadspliktig tiltak.

Når det gjeld arkeologiske registreringar er dette gjennomført for bustadområdet og hytteområdet med tilkomstveger. Det som eventuelt gjenstår er vegen fram til nausta og sjølve naustområdet.

Han stil spørsmål om det er nokon spesiell grunn til at BF7 ikkje er nemnd i § 3.2 i reguleringsføresegnene (bustader – frittliggjande småhus).

Han stil spørsmål om ikkje fritidsbustader i FF1 bør kunne ha same mønehøgde som dei andre områda FF2-FF4.

Han stil spørsmål om kote 8,0 er tilstrekkeleg høgde for Nausta på felt N1.

Han stil spørsmål om vegen til naustområdet også skal dimensjonerast for renovasjonsbil og brannbil.

Det er allereie etablert kommunale VA-leidningar i område L1-L2, og ein vil nødvendigvis måtte føre kloakk, drenering og vannledningar over dette området



i det vidare arbeidet i området. L1 er til dels bratt og ikkje eigna til dyrking, er det då riktig å bruke føremålet landbruk?

Kommentar:

Riving av saudefjøset vil være eit søknadspliktig tiltak, og sidan bygget er SEFRAK-registrert bør det innhentast skriftleg uttale frå vernemyndighetene før søknaden vert behandla.

Møre og Romsdal fylkeskommune har trekt kravet om arkeologisk registrering i sin merknad i høve offentleg høyring, jfr vedlegg.

BF7 blei utelaten ved ei forgløyming, men er teken med i dei reviderte føreseggnene som vert lagt fram til eigengodkjenning.

I dei reviderte føreseggnene som vert lagt fram til eigengodkjenning har FF1 fått same mønehøgde som FF2-FF4.

Teksten under § 3.5 i føreseggnene (naust med tilhøyrande anlegg N1) er vidareført frå føreseggnene til ei ønska endring av reguleringsplan for Nerbøstranda syd, jfr. bakgrunn, andre avsnitt: «Etter vedtak av Reguleringsplan for Nerbøstranda syd (vedteken 05.09.2015, planid 201303), kom det inn eit ønske om ei mindre endring av denne planen frå tiltakshavar Pål Terje Huse. Dei føreslegne endringane er ikkje gjennomførte, men vert tekne med i det nye planforslaget.»

Etter samtale med fagleiar vel ein å oppretthalde kravet om at også tilkomstvegen til naustområdet skal dimensjonerast for renovasjonsbil og brannbil.

Landbruksføremålet er vidareført frå reguleringsplan for Nerbøstranda syd. Når det gjeld teksten under § 5.1 om at det ikkje er tillate med graving, vert denne føreslege endra til: Graving i samband med opparbeiding eller utviding av kommunal infrastruktur er tillate innanfor dette området.

6.5 Planprosess frå oppstart til endeleg vedtak

| | |
|---|-------------------------|
| Melding om oppstart | 03.03.2015 |
| DRA vedtek å legge reguleringsplanen ut til ettersyn | 03.06.2015 |
| Reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn | 05.06.2015 – 20.07.2015 |
| DRA eigengodkjenner reguleringsplanen | |
| Kommunestyret eigengodkjenner reguleringsplanen | |
| Klagefrist etter endelig vedtak av reguleringsplanen | |

**VEDLEGG****Vedlegg 1.** Forenkla ROS-analyse

1.1. Naturbasert sårbarhet

| Uønskt hending/forhold | Potensiell risiko | | Merknad ¹ |
|---|--------------------------|-------------------------------------|----------------------|
| | Ja | Nei | |
| Ekstremvær www.met.no | | | |
| Sterk vind | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Store nedbørsmengder | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Store snømengder | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Flomfare www.nve.no | | | |
| Flom i elver/bekker | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Springflo | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Historisk flomnivå ² | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Strålefare www.nrpa.no | | | |
| Radon | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Skredfare www.skrednett.no | | | |
| Jord- og leirskred | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Kvikkleireskred | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Lausmasseskred | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Snø- og isskred | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Steinras, steinsprang | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Historisk rasfare? ³ | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Dårlig byggegrunn | | | |
| Setninger | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Utglidingar | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Skadedyr | | | |
| ? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | | | |
| | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |

¹ I merknadsfeltet redegjøres blant annet for hvordan risikoen er håndtert i planen, eventuelt med referanse til aktuell planbestemmelse

² Kjenner man til at det har vært flom i området tidligere? Sjekk eksempelvis med lokalkjente

³ Kjenner man til at det har gått ras i området tidligere? Sjekk eksempelvis med lokalkjente



1.2. Virksomhetsbasert sårbarhet

| Uønskt hending/forhold | Potensiell risiko | | Merknad |
|--|--------------------------|-------------------------------------|---------|
| | Ja | Nei | |
| Brann/eksplosjon | | | |
| Brannfare | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Ekspljosjonsfare | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Forureina vatn | | | |
| Drikkevasskjelde | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Badevann, fiskevann, elver ol. | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Nedbørssfelt | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Grunnvassnivået | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Forureining - grunn⁴ | | | |
| Kjemikalieutslepp | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Forureining - luft | | | |
| Støy ⁵ | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Støv/partikler/røyk | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Lukt | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Lagringsplass farlige stoffer⁶ | | | |
| ? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Skytefelt (militært/sivilt) | | | |
| Støy | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Annen fare | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Smittefare | | | |
| ? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Strålefare/elektromagnetisk felt www.stralevernet.no | | | |
| Høgspentlinje | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Trafo | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Andre installasjoner? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Fare i fht tidlegare bruk | | | |
| Gruver, opne sjakter, tipper? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Militære anlegg ⁷ | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Tidlegare avfallsdeponi | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |

⁴ Nåværende/tidligere virksomhet på og ved området som kan ha forurenset grunnen. Vibrasjoner i grunnen?⁵ http://www.regeringen.no/nb/dep/md/dok/lover_regler/retningslinjer/2005/T-1442-Stoy-i-arealplanlegging.html?id=278741⁶ Eksempelvis avfallsdeponi, industrianlegg, havner, bensinstasjoner, lagring av radioaktivt materiale.⁷ Eksempelvis fjellanlegg, piggrådsperringer etc.



1.3. Sårbarhet pga. infrastruktur

| Uønskt hending/forhold | Potensiell risiko | | Merknad |
|--|--------------------------|-------------------------------------|---------|
| | Ja | Nei | |
| Forureining | | | |
| Støy | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Støv/partikler | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Lukt | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Trafikkfare | | | |
| Trafikkulykker på vei | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Ulykker på nærliggende transportåre⁸ | | | |
| Vann/sjø | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Luft | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Vei | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Damanlegg | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Bru | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Strategisk sårbare eininger⁹ | | | |
| Sjukehus/helseinstitusjon | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Sjukeheim/omsorgsinstitusjon | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Skule/barnehage | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Flyplass | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Viktig vei | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Bussterminal | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Havn | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Vassverk/kraftverk | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Undervannsledninger/kablar | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Bru/Demning | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Sjukehus/helseinstitusjon | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Anna? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |

1.4. Anna

| Uønskt hendelse/forhold | Potensiell risiko | | Merknad |
|-------------------------|--------------------------|-------------------------------------|---------|
| | Ja | Nei | |
| Kriminalitet | | | |
| Fare for kriminalitet | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Frykt for kriminalitet | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | |

⁸ Vil utsiktet/ukontrollert ulykke på nærliggende transportåre/infrastruktur utgjøre risiko for området? Eksempelvis i forhold til transport av farlig gods? Ulykker i innflygingstrasé, brudd på vannledning? ol

⁹ Objekter som kan være særlig utsatt for sabotasje/terror, og/eller er sårbarer i seg selv - og derfor bør ha en grundig vurdering.